



Stryn kommune

01.08.2024

Intensjonskunngjering sal av eigedom

Oldedalen skule, Oldedalsvegen 1774. gbnr. 104/6 og gbnr. 105/12.

Stryn kommune ynskjer med dette å kunngjere om sal av Oldedalen skule til Oldedalen Utviklingslag.

Stryn kommune har siste tida arbeida for å finne ei god løysing for Oldedalen skule som gagnar lokalsamfunnet i bygda og kommunen på lang sikt.

Etter innspel frå Oldedalen Utviklingslag har Stryn kommune hatt dialog med dei om ei framtidig ordning for bygget og tomta. Stryn kommune og Oldedalen utviklingslag har blitt einige om ein kjøpesum på kr. 250 000,- . Dette er ei-løysing som politikarane støttar.

Oldedalen Utviklingslag får kjøpe bygget med tilhøyrande tomt for ein sum under takst utarbeidd i 2022 mot at Oldedalen Utviklingslag utviklar området til bustadformål. Dette inneberer at utviklingslaget må ta risikoen for at området ikkje er regulert til bustad og må sjølv stå for regulering av området. Ny eigar vil kunne vidareutvikle området for å skape positiv bustadutvikling i området.

Vi ynskjer med dette å gjere salet kjent, og innbyggjarar og andre vil ha moglegheit til å komme med innvendingar/protestar på løysinga innan (14 dagers frist). Eventuelle tilbakemeldingar kan sendast til postmottak@stryn.kommune.no